

Oslo 28/11 1974

Til partilagsstyret.

DESEMBER - RUTINEN

1. Direktiv/melding om 1.mai
2. Møteplan for våren
3. Direktiv om kontakt med Raud Ungdom og NKS
4. Direktiv om kvartalsrapport og årsrapport
5. Melding om kvinnekonferanse
6. Melding om OUs avsenderadresse

Vedlegg: Rapportskjema til kvartalsrapport

Rapportskjema til årsrapport

Materiale til kvinnekonferanse

OM 1. MAI

AUs linje om 1.mai er lansert i KK nr. 45. Kommentarer og grunn-
gjeving for denn finns i ein artikkel i TF for desember. Her skal
vi ta opp nokre punkt på kva som må gjerast med denne saka no:

1. På møteplanene for våren er 1.mai ført opp som eit obligato-
risk avdelingsmøte. Fristen for å avvikle dette er 1/2. Møtet må
ta opp både den politiske linja for 1.mai, og legge opp politisk
og organisatorisk plan for mobiliseringa. Materiale til dette
møtet er TF-desember, TF-januar og KK.

2. Avdelinga må

- så tidleg som muleg ta kontakt med RU/NKS lokalt og trekke desse
organisasjonane med i mobiliseringsarbeidet.
- ta grundige diskusjoner med kader i frontar og fagfor, for å
sikre at desse legg opp ein taktikk i sin organisasjon som sam-
svarer med vår linje for 1.mai. Også her er det viktig å vere
tidleg ute, fagfor. har årsmøte i febr/mars, i ein del frontar
vil det kreve hard politisk kamp å slåss gjennom ein bra poli-
tikk (t.d. Kvinnefronten).
- på eit tidleg tidspunkt ta kontakt med SV lokalt, og prøve å
trekke desse med i felleskomiteer o.l.

3. Laget skal gje skriftleg rapport til OU om 1.mai på følgende
saker:

- Oversikt over plasser der vi får demonstrasjon
- Oppsummering av avdelingsmøtet med vekt på a) politiske motsei-

- ingar, b) målsetting for demonstrasjonen - kor mange fagfor.
kan slutta seg til, kor mange frontar og andre folkelege org.?
c) situasjonen i SV lokalt, kan dei trekkast med i samarbeid?
d) situasjonen i Samorg. og e) er 1.mai dröfta med RU/NKS?

Rapportfrist er 15/2.

4. Varsel om formannskonferanser i alle distrikt om 1.mai.
Röynslene frå 1.mai-arbeidet i 1974 viser at mange avdelinger.
gjorde grove avvik frå vår hovedlinje i innspurten av mobilise-
ringa. Ein god del av dette vart retta opp gjennom "telefon-
kommisering", men likevel vart det gjort ein del feil. I år er
avdelingshandsaminga lagt til eit svært tidleg tidspunkt, og for
å sikre ei grundig handsaming av arbeidet vil vi innkalle til
formannskonferanser for "innspurten". Dette vil også vere til
hjelp i forhold til å møte evt. utspel frå SV-kongressen i mars.
Tidspunktet for desse konferansene er første og andre helga etter
påske (5. og 6. april eller 12. og 13.). Vi vil koma attende til
desse konferansene seinare.

MÖTEPLAN FOR VÅREN

I. Obligatoriske partiavdelingsmøter

1. 1.mai. Stutt handsaming av KK-kampnaja.

Skal haldast i januar.

2. Valkampen

Skal haldast for 1.mai.

3. Proletarisering av partiet

Skal haldast for sommarferien.

II. Vi meiner SOMMARLEIREN bör handsamast på stadlagsmöte.

III. Frivillige diskusjonar

- a) SV

- b) Fagleg Program

- c) Oljekampen

Debattopplegg for möta kjem seinare.

NB Dette inneber at det ikkje kan haldast partidiskusjon om fagl.
program i fase to som tidlegare fastsett. Grunnen er at det
nye utkastet ikkje er ferdig.

RAUD UNGDOM/NKS

Ungdomsorganisasjonane skal diskutere valkampen frå januar. Det
er viktig å samla heile rörsla kring Landskonferansen sine vedtak,
og det er naudsynt å koma raskt i gong med å dröfte ungdomen si
rolle i valkampen.

DIREKTIV: Lagsstyret skal ta kontakt med styret i Raud Ungdom og styret i NKS (der NKS finst) for å legge fram og diskutere partiet si vallinje. Vidare skal laget tilby hjelp til diskusjonane i RU og NKS (t.d. stille innleiar på lagsmöte).

DIREKTIV OM KVARTALSRAPPORT OG ÅRSRAPPORT

Bruk dei skjema som er lagde ved. Kvartalsrapporten skal fyllast ut for 4.kvartal 1974. Begge rapportane skal leverast ved første høve etter årsskiftet.

MELDING OM KVINNEKONFERANSE

Lagt ved finst materiale til førebuing av denne konferansen. Styret må syte for at dette kjem raskt til den som skal ta del, jfr. tidlegare melding er det kvinneansvarleg i partilaget.

MELDING OM AVSENDERADRESSE FRÅ OU

Frå no av skriv vi avsenderadresse på dei breva som går ut frå OU. Dette er for å sikre at vi får attende brev som evt. blir borte i posten. Denne adresse er IKKJE vår internadresse og ho SKAL IKKJE BRUKAST til å sende brev til OU - til slike brev skal de bruke den adressa de har fått på annan måte.

Organisasjonsutvalet